



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Trondheim, 25.10.2016

Deres ref.:
16011047

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2016/5717

Saksbehandler:
Ida Bjørkum

Tilsegn - søknad om tilskot til - Ladepunkt elbiler Meland kommune - Avtalennummer 16011047

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot av 23.06.2016. Det er søkt om eit tilskot på 200 000 kroner. Miljødirektoratet gir med dette ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på 200 000 kroner. Tiltaket som blir gitt tilsegn om tilskot, er Ladepunkt elbiler Meland kommune.

I søknaden dykkar er tiltaket beskrive slik: *"Meland kommune ønskjer å etablere ladepunkt for elbilar. Ladepunkta skal nyttast av bilar i den kommunale tenestebilparken, primært heimetenesta. Ladepunkta vil bli plassert i parkeringskjellaren på Meland sjukeheim. Parkeringskjellaren har 15 parkeringsplassar, og kommunen ønskjer å etablere 15 ladepunkt. Etablering av ladepunkt er eit ledd i Meland kommune sin elbil strategi der det er vedteke i kommunestyret den 16.03.2016 at det ved utskifting av bilparken skal veljast el-bilar der det er driftsmessig mogeleg. Ladepunkt skal vere av typen 16 A type 1 eller 2 mode 3. Det vil i tillegg bli montert utstyr til energimåling/begrensar for å kunne «strupe» totalt effektforbruk. Systemet vil då redusere ladestrømmen til enkelte av bil lade-bokser slik at totaleffekt ikkje overskrider det som blir gitt tilgang til. Begrensningen vil vere tilpassa det elektriske anlegget sin kapasitet i dag, og kan endrast eller takast bort etterkvart som anlegget vert oppgradert med tida. Dette er ei framtidretta og fleksibel løysing som er tilpassa både behovet i dag og den framtidige utviklinga.*

VURDERINGA TIL MILJØDIREKTORATET

Miljødirektoratet fekk 332 søknader til tilskotsordninga "Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane" i 2016 . Søknadene hadde eit samla søknadsbeløp på totalt 414 millionar kroner. Ramma for tildeling er 98 millionar i 2016 .

Føremålet med ordninga er å medverke til reduksjon av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i samsvar med tildelingskriteriene og prioriteringskriteriene. Vurderinga vår er at søknaden er i tråd med tildelingskriteriene og difor kan få støtte.

Miljødirektoratet har motteke mange søknader om støtte til ladeinfrastruktur. Blant ladesøknadene har vi prioritert ladeinfrastruktur som legg til rette for at kommunane erstattar egne fossile

køyretøy med elektriske køyretøy. Slik utskifting gir stort potensiale for utslippskutt. Ladeinfrastruktur til kommunale bilar vert ikkje dekt av andre støtteordningar, og er heller ikkje omfatta av krav i lov og forskrift.

Meland kommune har søkt om kr 200 000 til etablering av 15 ladepunkt for kommunale køyretøy. Søknaden vert løyvt. Støtta dekker inntil 50 % av dokumenterte kostnader knyta til etablering av ladepunkta, avgrensa oppover til kr 200 000. Med eit ladepunkt meiner vi lademoglegheit for eit køyretøy. Vi forventar at etablering av ladeinfrastruktur medfører at elektriske køyretøy erstattar fossile køyretøy i bilparken til kommunen.

Det vert stilt krav om at ladepunkta skal vera "MODE 3 - TYPE 2". Søkar er sjølv ansvarleg for drift og vedlikehald av ladepunkta.

RAPPORTERINGSKRAV OG UT BETALING

For å måle effekt av tiltaket skal det rapporterast om a) tal på elektriske køyretøy i bruk i kommunal drift før og etter tiltaket og b) tal på køyrde kilometer med kommunale elbilar i ein representativ månad før og etter tiltaket. For å sikra at kommunen har tal frå etter gjennomføringa av tiltaket har vi sett frist for endeleg sluttrapport 1. juni 2018. Rapportering skjer gjennom mal som vert lagt ut i elektronisk søknadssenter.

Utbetaling skjer seinare på grunnlag av førebels sluttrapport og rekneskap.

Denne avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak og det er difor ikkje klagerett, jamfør forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a og b, jamfør fjerde ledd.

Følgjande rapportering er ein føresetnad for tilsegna om tilskot:

Skal leverast	Beskriving	Frist
Delrapport	Stadfesta rekneskap	25.09.2017
Foreløpig sluttrapport	Røynsler frå gjennomføring av tiltaket inkl. mengder elbilar og køyrde km med elbil før tiltak	25.09.2017
Sluttrapport	Sluttrapport med mengd elbilar og køyrde km med elbil etter implementering av tiltak	01.06.2018

Tilskotet vil bli utbetalt innanfor følgjande plan:

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
201711	Tilskot til ladepunkter, beregna på grunnlag av rekneskap, inntil kr 200 000	200 000

Tilsegna er gyldig til 31.12.2017. Dersom rapporteringa som vist ovanfor ikkje blir overhalden, fell tilsegna om tilskot bort, og tilsegnsbetøpet vil då bli omdisponert til andre formål.

Dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet ha beskjed med det same.

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med heimel i løyvingreglementet

kan kontrollere om tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadene.

Vi gjer vidare merksam på at Miljødirektoratet heilt eller delvis kan krevje eit eventuelt utbetalt tilskot tilbakebetalt dersom midlane ikkje blir brukte i samsvar med føresetnadene, eller føresetnadene for tilsegna fell bort.

Rekneskapsbilag knytte til gjennomføringa av tiltaket skal oppbevarast i minst ti år, eller i samsvar med rekneskapslova dersom verksemda di er underlagd denne.

Helsing
Miljødirektoratet



Audun Rosland
avdelingsdirektør



Anna von Streng Velken
seksjonsleder